



2.1.7 og 2.2.4.2

Kven har røysterett, og kven kan veljast?

Val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Røysterett

Røysterettsalderen er 15 år. *Røysteføre* er alle medlemmer av Den norske kyrkja som bur i soknet, og som har fylt 15 år innan utgangen av valåret, jf. *kyrkjelova (kl)* § 4 første ledd og *Reglar for val av sokneråd (sr)* § 4-1.

I særskilde tilfelle kan medlemmer givast røysterett i eit anna sokn enn soknet dei er busette i. Dette blir avgjort av biskopen etter søknad frå soknerådet, jf. kl § 4 andre ledd og sr § 4-2 (sjå nærmare rettleiing nedanfor).

Ingen kan ha røysterett i meir enn eitt sokn, jf. kl § 4 tredje ledd og sr § 4-3. Kategorialkyrkjelydar blir ikkje rekna som sokn. Det er derfor mogleg å ha røysterett i kategorialkyrkjelydar (døvekyrkjelydar, Saemien Åålmege) i tillegg til røysterett i soknet.

Utanlandsk statsborgar som er medlem i Den norske kyrkja, har kyrjeleg røysterett, jf. sr § 4-4.

Kven som kan veljast

Alle røysteføre som har fylt 18 år innan utgangen av valåret, *kan veljast*. Dei som stettar krava til å kunne veljast, har plikt til å ta imot val, jf. *kyrkjelova* § 6 tredje ledd og sr § 4-5.

Den som har fylt 65 år, eller har sete fire år i soknerådet, kan be seg friteken for val. Det same gjeld den som gjer gjeldande ei hindring som valstyret godkjener, jf. *kyrkjelova* § 6 fjerde ledd og sr § 4-5.

Nytt i 2015 er at alle kandidatar skal spørjast før dei kan setjast opp på kandidatlista, jf. sr § 7-1 e.

Sjølv om røysterettsalderen er sett ned til 15 år, er det inga endring i aldersgrensa for kven som kan veljast. Den som blir vald til medlem av eit sokneråd, må ha fylt 18 år innan utgangen av valåret. Føresegna seier at ein må ha fylt 65 år før valperioden tek til for å kunne krevje seg friteken, dvs. før 1. oktober 2015 for val til sokneråd og før 1. januar 2016 for val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Det er derimot ikkje noko til hinder for at personar over 65 år står på ei kandidatliste dersom dei er villige til det. Den som har gjort teneste som medlem av soknerådet dei siste fire åra, kan også krevje seg friteken, og det same gjeld den som gjer gjeldande ei hindring som valstyret (soknerådet) godkjener.

Meir om røysterett

Norsk statsborgar busett i utlandet har ikkje røysterett ved soknerådsvalet, sjølv om vedkomande kan vere medlem av Den norske kyrkja, jf. *kyrkjelova* § 3.1.

Utanlandske statsborgarar, til dømes frå nabolanda våre, blir ikkje automatisk medlemmer av Den norske kyrkja når dei flyttar til Noreg. Dei må melde seg inn (og om nødvendig vise fram dåpsattest).

Røysterett for personar med mellombels opphold i eit anna sokn enn bustadsoknet

Personar som mellombels oppheld seg i eit anna sokn enn der dei er busette, får høve til å røyste på førehand i det soknet dei mellombels oppheld seg i. Dette gjeld til dømes studentar og personar som av ulike årsaker oppheld seg i eit anna sokn under valet, jf. sr § 9-1. Det blir også lagt til rette for slik førehandsrøysting på Svalbard og kanskje ved sjømannskyrkjene for nordmenn som mellombels oppheld seg i utlandet.

Førehandsrøyster gitt i eit anna sokn enn bustadsoknet må vere mottekne av valstyret i bustadsoknet før vallokala stengjer og oppteljinga tek til. For å sikre at førehandsrøystene kjem fram i tide, er fristen for å førehandsrøyste i eit anna sokn enn bustadsoknet sett til *1. september 2015*, jf. sr § 9-2.

Sjå elles

2.1.8 Rettleiing for røystmottakar ved førehandsrøysting (SR/BDR)

2.3.1 Slik førehandsrøystar du (SR/BDR)

Røysterett i eit anna sokn enn bustadsoknet

Ingen kan ha røysterett i meir enn eitt sokn, men det er gitt høve til å sökje biskopen om å flytte over røysteretten til eit anna sokn enn bustadsoknet for eit avgrensa tidsrom, jf. sr § 4-2. Søknad må sendast frå soknerådet i det soknet røysteretten skal flyttast til. Biskopen behandlar søknaden og sender svar til soknerådet som har sendt søknaden, med kopi til Kyrkerådet. Soknerådet gir vedkomande person melding om at flytting av røysteretten er godkjent. Vedkomande vil ved ein innvilga søknad både få røysterett

og kunne stille til val i soknet. Vedkomande blir ført inn i manntalet i det soknet røysteretten blir flytta til, og det blir sendt melding til bustadsoknet om at vedkomande skal strykast i manntalet der.

Slike «særlege tilfelle» kan dreie seg om personar som i ein avgrensa periode bur i soknet. Det kan mellom anna gjelde studentar og skuleungdom som i ein periode oppheld seg i eit anna sokn enn der dei er registrerte som busette.

Denne føresegna opnar også for at ein person som er vald inn i soknerådet og i valperioden flyttar ut av soknet til eit nabosokn, kan halde fram i soknerådet, så framt soknerådet søker om det og biskopen samtykkjer.

Vidare opnar denne føresegna for at biskopen kan samtykkje i at ein medlem som er villig til å stå på ei kandidatliste i samband med val av sokneråd i eit anna sokn enn der vedkomande er registrert busett, kan få løyve til det dersom soknerådet søker om det. Dette vil særleg gjelde på stader der det kan vere vanskeleg å få mange nok kandidatar til å stille til val. Desse søknadene må vere innvilga av biskopen innan utløpet av fristen for levering av kandidatlister, 1. mai 2015. Ein lyt derfor syte for at slike søknader blir sende inn i god tid.

Kyrkjearådet meiner at denne føresegna også bør kunne brukast når det gjeld eldre medlemmer som gjennom eit

langt liv har tilhørt eit sokn, men som har flytta på institusjon utanfor soknet. Om dei ønskjer det, bør slike personar kunne få røyste i «heimekyrkjelyden» sin, den kyrkjelyden dei har eit forhold til. Også i desse tilfella vil det vere soknerådet som søker biskopen.

Tidlegare blei ein prest i offentleg kyrkleg stilling (og også ektemaken til presten) og klokkar i fast stilling rekna som busett i det soknet der vedkomande var tilsett. Denne føresegna blei ikkje vidareført i kyrkjelova av 1996. Det gjer at alle kyrklege tilsette må røyste i det soknet dei faktisk er busette i. I særlege tilfelle kan likevel biskopen innvilge søknader om å få røyste i eit anna sokn.

Det finst utover dette ikkje noka generell opning for at ein medlem som går til kyrkje i eller er engasjert i ein annan kyrkjelyd enn der vedkomande er registrert busett, kan givast røysterett i ein annan kyrkjelyd enn den kyrkjelyden vedkomande bur i.

Når det gjeld tolkinga av «for eit avgrensa tidsrom», har dette kravet i hovudsak vore knytt til ein valperiode. Etter at valperioden er omme, blir vedkomande automatisk flytta over til bustadsoknet sitt i medlemsregisteret. Dette blir gjort i framkant av neste val, slik at vedkomande då vil stå oppført i manntalet for bustadsoknet sitt. Ønskjer vedkomande framleis å flytte røysteretten sin, lyt ein søkje biskopen på nytt for ein ny periode.

Kven har røysterett, og kven kan veljast ved bispedømmerådsval?

Det er ikkje lenger noka grense for kor mange samanhengande valperiodar ein kan veljast for.

Røysterett ved direkte val/valomgang av leke medlemmer

Røysteføre ved val av leke medlemmer er alle som har røysterett ved val av sokneråd (jf. *Regler for valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet* (bdr) §§ 2-2-1 og 2-2-2, jf. sr § 4), med unntak av dei som har røysterett som prest (bdr § 5-2) eller lek kyrkleg tilsett (bdr § 6-2). Det skal vere merkt av i manntalet kven som har røysterett som prest eller lek kyrkleg tilsett, og dermed ikkje har røysterett ved val av leke medlemmer.

Røysterett ved indirekte val av leke medlemmer

Ved indirekte val av leke medlemmer har dei leke medlemmene av soknerådet røysterett. Ein prest som sit i soknerådet, kan ikkje røyste på leke medlemmer. Ein medlem av soknerådet som har røysterett som lek kyrkleg tilsett, kan ikkje røyste på leke medlemmer. I slike tilfelle kallar ein inn ein varamedlem, jf. bdr §§ 2-2-3 og 2-2-4.

Kven som kan veljast ved val av leke medlemmer

Alle som har rett til å røyste ved valet, som har fylt eller fyller 18 år i valåret, som ikkje kan veljast som prest eller som lek kyrkleg tilsett, og som ikkje er kandidat til val av representant for døvekyrkjelydane, kan veljast som lek medlem av bispedømmeråd og Kirkemøtet, jf. bdr §§ 2-2-5, 3-2-4, 4-2-4, 5-2 og 6-2. Dersom det oppstår tvil om ein person

kan veljast eller ikkje, blir spørsmålet avgjort av Kyrkjearådet, jf. bdr § 2-2-6.

Kven har røysterett, og kven kan veljast ved val av representant for samisk kyrkjelev?

Røysteføre ved val av nordsamisk og lulesamisk representant for samisk kyrkjelev er ti elektorar oppnemnde av Samisk kyrkjearåd, jf. bdr §§ 3-2-1 og 3-2-3. Røysteføre ved val av sør-samisk representant er dei røysteføre medlemmene av Saemien Ålmege / Sør-samisk kyrkjelyd, jf. *Regler for valg av sør-samisk representant til Nidaros bispedømmeråd og Kirkemøtet*, § 2-4.

Alle røysteføre som anten står i samemanntalet eller oppfyller kriteria for å bli registrerte der, *kan veljast*. Kandidatane skal helst vere busette i det respektive samiske språkområdet. Også prestar eller leke kyrkleg tilsette som elles fyller kriteria for å kunne veljast, kan veljast. Ein kandidat på lista til val av representant for samisk kyrkjelev kan ikkje samtidig stå som kandidat på andre lister, jf. bdr §§ 3-2-2 og 3-2-3 og *Regler for valg av sør-samisk representant til Nidaros bispedømmeråd og Kirkemøtet*, §§ 2-2 og 2-3.

Kven har røysterett, og kven kan veljast ved val av representant frå døvekyrkjelydane?

Medlemmene av sokneråda i døvekyrkjelydane har røysterett ved val av representant frå døvekyrkjelydane til Oslo bispedømmeråd. Dette gjeld også ein eventuell prest eller

lek kyrkjeleg tilsett som er medlem av soknerådet i ein døvekyrkjelyd, jf. bdr § 4-2-5.

Alle som har røysterett i døvekyrkjelydane, *kan veljast* som representant frå døvekyrkjelydane, jf. bdr § 4-2-3 og *Regler om sammensetning av og valg til de døvekirkelege organer, og om formene for deres virksamhet* § 1. Også prestar eller leke kyrkjeleg tilsette med røysterett i døvekyrkjelydane kan veljast. Ein kandidat på lista til val av representant frå døvekyrkjelydane kan ikkje samtidig stå som kandidat på andre lister.

Kven har røysterett, og kven kan veljast ved val av prest?

Kven som har røysterett, og kven som kan veljast ved val av prest, er uttømmande lista opp i bdr § 5-2. Feltprestar utøver røysteretten sin og kan veljast i det bispedømmet der vedkomande har hovudtenestestad. Ein som har røysterett

som prest, har ikkje røysterett ved val av leke medlemmer, jf. bdr § 2-2-1.

For tilsette ved bispedømmekontor og dei sentralkyrkjelege råda gjeld det særlege reglar om kven som har røysterett og kan veljast, jf. bdr § 5-2.

Kven har røysterett, og kven kan veljast ved val av lek kyrkjeleg tilsett?

Kven som har røysterett, og kven som kan veljast ved val av lek kyrkjeleg tilsett, er lista opp i bdr § 6-2. Ein som har røysterett som lek kyrkjeleg tilsett, har ikkje røysterett ved val av leke medlemmer, jf. bdr § 2-2-1.

For tilsette ved bispedømmekontor og dei sentralkyrkjelege råda gjeld det særlege reglar om røysterett og kven som kan veljast, jf. bdr § 6-2.